

# **Arbeider historie**

*Årbok for Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek  
Oslo 1990*

Ingar Kaldal

## Strukturrasjonaliseringa og fagrørsbla i papirindustrien

### - og litt om det same i teko- og verkstadindustrien<sup>1</sup>

I løpet av 1960- og 70-åra viste det seg teikn til grunnleggande og varige problem i fleire gamle norske industriegreiner. Det var næringar som gjennom eit lite hundreår hadde gitt levebrød til ein aukande del av folket - og oppslutning og livskraft til arbeidarrørsbla. For ho vart det no meir og meir påtrengande å finne utvegar til overleving for dei gamle næringane.

Med seg i dette strevet hadde arbeidarrørsbla denne gongen motparten sin, bedriftseigarane. Dei ville også for ein stor del halde fram med det dei hadde drive med, men da måtte det lønne seg. For dei gjaldt det som før å effektivisere produksjonen i kvar enkelt fabrikk. I tillegg vart det no meir og meir eit spørsmål om rasjonelle forhold mellom bedrifter, i heile bransjar og heile næringar. Strukturrasjonalisering vart trylleformelen. Sjølvsagt kunne ein rasjonell næringsstruktur i prinsippet ha vore så mangt. Men i Etterkrig-Noreg var det langt på veg jamgoda med stordrift: Bygg større fabrikkar og legg ned dei små.

Eg skal her prøve å få fram korleis fagrørsbla møtte desse spørsmåla i ei av dei eldste norske industriegreinene. Eksempelet er papirindustrien, der omstruktureringane sidan 1960-talet var enorme, og der fagrørsbla engasjerte seg sterkt i problema. Den måten Papirforbundet gjorde det på, vil eg også på noen punkt samanlikne måten med eit par andre forbund brukte.<sup>2</sup> Terje Halvorsen har skrive om fagrørsbla og industriproblem i sitt bind to av historia til Jern og Metall. Og John Kamsvåg har skrive om det i forbundshistoria til Bekledning. Det gjer det mulig for meg å utvide horisonten noe i forhold til det eg sjølv har skrive før om desse spørsmåla i Papirforbundets historie.

### Papirforbundet står på sidelinja før 1970

Omstruktureringar var ikkje noe nytt i papirindustrien. Talet på tresliperi vart halvert frå kring 1910 til 1960. Også i cellulose- og papirproduksjonen skjedde det tidlig omleggingar som gjorde at noen fabrikkar stoppa medan nye starta. Men dette førte ikkje til at industripolitikk og strukturspørsmål vart noe viktig tema for Papirforbundet.

Ein grunn til det var ideologiske sjelekvalar ved å blande seg inn i diskusjonen blant direktørane om korleis ein skulle få produksjonen til å gi meir profitt. Men ein like viktig grunn var at så lenge industrien var i vekst og framgang, fanst det for kvar arbeidsplass, som forsvann gjerne minst ein ny å flytte til. Det snudde i 1960- og 70-åra. Frå omkring 1960 gjekk sysselsettinga i papirindustrien jamt nedover, både fordi fabrikkane vart færre, og fordi dei trong færre arbeidarar kvar. Samtidig med at gamle ideologiske barrierar no var reduserte, vart fagrørsla difor meir interessert enn før i å forsvare dei arbeidsplassane som var. Det handla også om framtida som fagforbund, særlig når ein som Papirforbundet hadde ein avgrensa industribransje som medlemsteig å leve på.

Medan mange andre industribransjar opplevde 1960-åra som eit "gyllent" tiår som gav kjensle av at den industrielle lykka frå 1950-talet ville vare, vart papirindustrien den store taparen. Bransjen merka teknologiske og strukturelle vanskar som hadde samla seg opp over lang tid.

Norsk papirindustri var tidlig utbygd og hadde fleire små og gammaldagse bedrifter enn i konkurrentlanda. Kontrasten var stor for eksempel til Finland, der papirindustrien var bygd ut seint og no stod med mange topp moderne anlegg. Samtidig var heile den norske papirindustrien i ferd med å miste fleire av sine gamle naturgitte fordelar i forhold til både Sverige og Finland. I og med at tømmerfløyting vart avløyst av biltransport, vart den fordelen som hadde lege i det norske terrenget med hundrevis av elvar, nærmast snudd til ei ulempe. I få skogland var det dyrare å bygge vegar enn hos oss. Ein annan fordel hadde vore at det var mest gran i dei norske skogene. Og grana eigna seg best til å lage lyst papir av, gjennom sulfittprosessen. No vart det utvikla tekniske metodar som gjorde det lettare å bleike masse også av andre tresortar. Dermed tok land med mye furu og lauvtre innpå i konkurransen. Alt dette skjedde samtidig med at norsk økonomi vart meir integrert med utlandet. Alle måtte bu seg på hardare konkurranse.

Krefter som klodde etter å endre norsk papirindustri slik at han kunne møte desse utfordringane, kasta på 1960-talet auga sine på eit gammalt treforedlingsområde fullt av små fabrikkar, Skiens- og særlig Drammensvassdraget. Den norske Creditbank hadde ansvaret for ein stor del av kapitalen i Unionkonsernet, som eigde fleire fabrikkar i området. No fekk storbanken eit kanadisk konsulentfirma, C.H.A. Simons, til å gjennomgå bedriftene i distriktet og foreslå omstruktureringar. Den snart skrekkomsuste Simons-rapporten foreslo blant anna å slå saman dei to selskapa Union og Follum, det andre konsernet i



området. Vidare fekk DnC ei liste over fabrikkar som Simons meinte ikkje hadde livets rett. I staden burde ein ny stor cellulo-se- og papirfabrikk byggast. Men verken fusjon eller ny storfabrikk vart det noe av. Berre den negative delen av planen vart realisert, nemlig ei rekke nedleggingar. Men dei skjedde meir ut frå marknaden enn etter ein plan.

Før 1960-åra tok slutt, kom likevel ei ny bedrift i bransjen som straks starta på ein lang og viktig marsj mot å oppfylle tanken om stordrift. I 1962 vart Nordenfjelske Treforedling A/S danna med skogeigarorganisasjonane i spissen, og godt støtta av Arbeidarparti-regjeringa. I 1966 starta selskapet ein ny, stor og moderne papirfabrikk på Skogn sør for Levanger i Nord-Trøndelag. I løpet av få år vart Nordenfjelske til konsernet Norske Skog, som så i løpet av eit par tiår ekspanderte til å bli domine-rande innan norsk treforedling.

Nordenfjelske Treforedling var resultat av blant anna ei vellykka kopling mellom primærnæringane sine kooperasjons-tankar og arbeidarrørsla sin trøng til å reise industri. Det førté ikkje til at dei som arbeidde i næringa, fekk vere med og bestemme meir. Forresten er det også lite som tyder på at fagforbundet deira prøvde å blande seg borti planlegginga. Formannen i Papirforbundet, Kaare Pehrson, sa ein gong at ein ny storfabrikk i Trøndelag er noe "jeg i nattens mulm og mørke

*Klubbmøte på Greåker Cellulose hausten 1971. Sia 1962 hadde bedriften gått frå krise til krise. I 1971 var krisa akutt, og dei 370 arbeidarane, mange over 50 år, stod ifare for å miste arbeidet. Ein unngjekk så vidt konkurs ved at selskapet Norexim sa seg villig til å overta. Foto: Billedsentralen.*


tenker litt over".<sup>3</sup> Det einaste aktive som vart gjort, var at fagforeiningane i dei gamle bedriftene i Trøndelag sendte resolusjonar til regjeringa der dei uttrykte uro for det tømmergrunnlaget dei levde av. Det same synet hevda forbundet overfor regjeringa. Og Industridepartementet oppmoda skogeigar-organisasjonane til å ta omsyn til dei andre bedriftene. Men noe eige syn på korleis næringa burde strukturera i framtida, utvikla ikkje forbundet før på 1970-talet, etter at problema vart meir akutte og tvinga forbundet til å meine noe.

**Fagrørsla får svartkatten i hælane og fine prinsipp mot seg**

På dei tre første åra på 1970-talet forsvann 16 bedrifter i papirindustrien. Det var fleire enn dei som var nedlagde til da sidan krigen. Årsakene var fleire: Gamle mottakarar av norsk eksport ordna seg på nye måtar, papirforbruket i den vestlige verda gjekk nedover, blant anna på grunn av aukande bruk av plast, og papirprodusentar i USA og Canada gjorde store innhogg på den europeiske marknaden. Nedleggingane ramma hardast i Drammensdistriktet og blant dei mange små tresliperia på Sørlandet og i Trøndelag. I Drammen og kring Oslofjorden gjekk det forholdsvis lett å finne ny jobb for dei som vart oppsagde, særlig om dei var villige til å kjøre noen mil. Verre var det for arbeidarane på noen av dei gamle sliperiplassane som låg meir avsides til utan annan industri i nærleiken. Mange av dei måtte flytte.

Ved fleire nedleggingar kom det for dagen ting som for mange stadfestar kor umoralsk kapitalismen verkelig var. Profitt gjekk framfor lokalsamfunn og levebrød. Tillitsmenn og arbeidsfolk følte seg ført bak lyset, ofte med rette. Ved noen bedrifter var dette ei ekstra opprørande tid. Ved Greåker i Østfold opplevde arbeidarane kriser i fleire rundar med økonomiske vanskar og skiftande eigarkonstellasjonar som vekte skepsis og håp om einannan. Men Greåker overlevde. Ei bedrift som derimot ramla saman under voldsomt bråk, var Vestfossen i 1970. Da konkursen vart proklamert, var det lenge ikkje pengar til å betale arbeidarane lønn for det arbeidet dei hadde gjort. Samtidig kunne ein lese i avisene om skattesnyting og uttak av pengar på ulovlige måtar frå leiinga si side.

Vestfoss-affæren førte til at det vart laga eit teaterstykke kalla "Svartkatten". Det var ein tittel som skildra lagnader i mange bedrifter på denne tida. Noen opplevde at svartkatten rett og slett følgde etter dei også om dei greidde å skaffe seg nytt arbeid. To Drammens-arbeidarar som vart intervjua i fagbladet til Papirforbundet da papirfabrikken Brager stoppa i 1979, kunne fortelje at dei hadde vore med på fleire nedleggingar



i området. Den eine hadde vore på Papyrus til den fabrikken stoppa i 1970. Deretter var han innom Mjøndalen, men sluttet der før den vart lagd ned. Så kom han til Albion Papirfabrikk. Da den stoppa i 1977, fekk han saman med noen av dei 35 oppsagde ny jobb på ein annan papirfabrikk selskapet hadde, Brager. To år seinare var det slutt også der. Fleire av dei 60 oppsagde hamna nok på dei gjenverande papirfabrikkane i Drammensområdet. Men det begynte å bli få att å velje i.

At levebrødet forsvann, var ein lagnad papirarbeidarar delte med andre fabrikkfolk, for eksempel i tekstil- og konfeksjonsindustrien og verkstadindustrien. Samanlikna med forholda i papirindustrien kom tekoindustrien opp i problem lenge før, medan verkstadkrisa slo ut først med oljekrisa midt på 1970-talet. Tekoindustrien var prega av enda fleire småbedrifter, medan mange av dei skipsverfta som no ramla, var verkelige storfabrikkar. Den første sektoren var kvinnedominert, den andre meir maskulint prega enn nesten noen annan industri. Produksjonen i tekoindustrien var utprega arbeidskraftintensiv, i jernindustrien var han dess meir kapitalintensiv. La det førebels stå ope korleis slike forskjellar verka inn på korleis ein prøvde å møte krisene.

Mange av problema var likevel felles. Slik papirindustrien hadde Drammensvassdraget, hadde tekoindustrien sine område der nedleggingane kom som konsentrerte ras, for eksempel i

*Frå ein av maskinhallane ved Sande Tresliperi våren 1972. Dei to søsterbedriftene på Sande hadde da i alt 410 tilsette og utgjorde hovednæringa i den lille kommunen.*

Rauma kommune på Vestlandet. Der vart 40 konfeksjonsbedrifter til 15 på få år omkring 1970. Jernindustrien var også i mange tilfelle plassert slik at nedleggingar ramma heile lokal- samfunn. Eksempla er mange på at den velkjende jernarbeidarstyrken no vart mobilisert til forsvarskampar for lokale industrimiljø over heile landet. Sjølv om kampane sikkert kunne arte seg forskjellig, var mange opplevingar dei same: dei usikre håpo og kjenslene av svik, utakk og vemod når det vart slutt.

Felles var også at kampen for eigne arbeidsplassar lett kom i strid med allmenne samfunnsverdiar og solidaritetsprinsipp. Arbeidsfolk og fagrørsle opplevde på denne tida solidaritetsproblem både i forhold til sine eigne yrkesfellar i andre bedrifter og i omsynet til kva som gagna resten av den verda dei levde i. Ei motsetning som vart meir og meir påtrengande gjaldt krava om naturvern. "Et godt miljø er ikke bestandig avhengig av bare frisk luft og rent vann. Bøhnsdalen er en arbeidsplass hvor vi trives," skreiv fagforeininga ved Bøhnsdalen cellulose i ein protest til miljøvernminister Gro Harlem Brundtland da fabrikken stod framfor nedlegging i 1975.<sup>4</sup> Ei liknande motsetning låg i lufta når Jern og Metall for eksempel ville auke kraftutbygginga for å få meir arbeid til verkstadindustrien. Bekledning var meir forskåna for å komme i strid med naturvernkrav. Tvert imot var eit argument for å behalde mest mulig tekoindustri at den var miljøvennlig i forhold til annan industri. Til gjengjeld opplevde Bekledning å bli skulda for å vere lite solidarisk med fattige land når forbundet kravde restriksjonar mot import frå lågpris- land.

Det var såleis på ingen måte opplagt at arbeidarane på kvar enkelt plass med ein gong var interesserte i styring av omstruktureringane etter planar for kva som gagna samfunnet best totalt, viss det da ikkje samtidig innebar at deira arbeidsplass vart sett på lista over levedyktige for framtida. Det førte sjølvsagt også fagforbunda opp i mange dilemma. Dei hadde likevel eigentlig eit godt utgangspunkt for å stille seg bak ein politikk som tok omsyn til i alle fall heile næringar. Dei var ikkje som fagforeiningane eller eigarane bundne av delinteresser. Samtidig kunne dei meir om kvar sine bransjar enn dei fleste politikarane. Men også ønska om styring og plan fekk gjerne særeigne utformingar i ulike forbund, skal vi sjå.

**Struktur blir tema og statsdrift eit krav i Papir forbundet**  
Hittil hadde fagorganisasjonen møtt nedleggingsraset i papir- industrien med å prøve å redusere skadeverknadene i kvart enkelt tilfelle. Det gjaldt å sikre medlemmene det dei hadde rett på av lønn, få til best mulig sluttordningar, skaffe nye jobbar til

flest mulig, og om det var håp, å vera med på å leite etter nye løysingar for å få fabrikken i gang att. Mange tillitsmenn la ned ein svær innsats på desse felta.

I tillegg til dette gav nedleggingane, og særlig dei mest opprørande affærane, næring til diskusjon om prinsipielle sider ved utviklinga i bransjen. I Papir fekk opposisjonen nye argument for eit gammalt krav om at staten burde overta heile papirindustrien. Det vart her eit dominerande tema i diskusjonen om korleis ein kunne hindre at kapital- og marknadskreftene skulle få forme papirindustrien i framtida åleine. Arbeidar-rørsla måtte prøve å påverke industriutviklinga etter prinsipp som ho stod for - kva no det var når det gjaldt bedriftsstrukturen. For bortsett frå gammalsosialistiske idear om statsdrift og velmeinte ønske om å hindre arbeidsløyse og andre skadeverknader av nedleggingane, var det ikkje på noen måte klårt kva fagrørska stod for av industripolitikk til forskjell frå den allmenne trua på strukturrasjonalisering som rådde i tida. I papirindustrien som i andre bransjar var det som låg nærest å ty til for fagforeiningane når krisa stod for døra, ofte "det minste ondes politikk", som Terje Halvorsen seier om eksempel frå jernindustrien.<sup>5</sup>

Same kor vanskelig det var å peike på konkrete løysingar, viste Papirforbundet no likevel at det tok spørsmålet alvorlig, blant anna ved at det først på 1970-talet tok initiativ til fleire såkalla industrikonferansar. Der kom bedriftsleiarar og fagforeningsfolk frå avgrensa distrikt saman med politikarar og andre som sat på toppen i statsstyringa, for å diskutere problema. Også desse konferansane var prega av rádløyse når det gjaldt kva som konkret skulle gjerast. Det gjaldt bedriftseigarar og politikarar så vel som fagforeningsfolk. Men ein oppnådde å markere at dette var problem som alle involverte måtte snakke saman om.

Samtidig med slike samtaleutspel overfor politikarar og bedriftseigarar pressa opposisjonen i Papirforbundet på for å krevje statsovertaking, noe som neppe eigna seg til å stimulere til opne og frie samtalar med eigarane. På landsmøtet i 1971 prøvde forbundsformann Olav Bratlie å halde att ved blant anna å vise til at ein nettopp hadde fått Arbeidarpartiet tilbake i regjeringa etter ein borgarlig periode. "Industridepartementet har et ikke lite ord med i laget både når det gjelder banker og annet," sa han, og føydde til at forbundet også hadde vorte invitert med på råd i departementet.<sup>6</sup> For Bratlie gav ei regjering av Arbeidarparti-folk i seg sjølv godt håp om å få oppfylt ønsket om samfunnsmessig styring. Men i 1975 vedtok forbundslandsmøtet likevel å krevje statsovertaking av

heile bransjen. Det skjedde etter ein lang prosess med blant anna fleire vedtak om å utgreie spørsmålet.

I Bekledningsarbeiderforbundet var det same kravet oppe på landsmøtet i 1976. Men berre eit lite mindretal stemte for statsovertaking av tekoindustrien. Ein viktig grunn til det var ifølgje forbundet sin historikar John Kamsvåg for det første at ein såg det som urealistisk å overta ein bransje prega av så mange små fabrikkar og eigd av eit mylder av personar og familiær. For det andre hadde forbundet omsyn å ta til eit samarbeid som for lengst var etablert med eigarsida om strukturproblema. Fagrørsla i tekoindustrien hadde lengre erfaring enn Papirforbundet med å samarbeide med eigarane for å få styremaktene med på både industri- og handelspolitiske tiltak til beste for næringa. Ein grunn til det var at ein her også hadde bransjeforeiningar på eigarsida som viste interesse for slikt samarbeid. Ein annan grunn kan ha vore at tekoindustrien merka den industrielle motgangen tidligare.

Nedleggingar og reduksjonar ramma i tekoindustrien hardt tiltrengde kvinnearbeidsplassar i mange utkantsamfunn. Problema hadde her både distrikts-, kvinne- og låglønnspolitiske sider. Og sidan tekoindustrien hadde ein arbeidskraftintensiv produksjon, hadde fagforeiningar og eigarar ei sak å samlast om for å få politikarane med på for eksempel å redusere arbeidsgivaravgifta eller å betale statsstøtte i form av tilskot til timelønna. Eit anna felles krav gjekk ut på å redusere importen frå land der arbeidskostnadene var lågare. Bak desse krava møtte politikarane iherdig lobbyverksemد frå ein "teko-mafia" på tvers av arbeidar-eigar-skiljet.<sup>7</sup>

I Jern og Metall kjørte opposisjonen hardt på for sosialisering, og argumenterte med at det var i tråd med forbundet sin sosialistiske formålsparagraf. Men det første ikkje til noe vedtak slik det gjorde i Papir. I staden utvikla det seg her ein veksande opposisjon mot forbundsleiinga både om dette og andre spørsmål i samband med krisene. I den offisielle politikken til Jern og Metall stod andre tiltak enn statsovertaking i fremste rekke når ein vedtok prinsipielle krav til styringsmaktene om hjelp for å løyse industripolitiske. Som det for Bekledning gjaldt å få vern mot billigimport og lette i lønnskostnadene, gjaldt det for Jern og Metall å få politikarane med på blant anna å styre oppdrag frå oljeindustrien til norske verkstader. For begge desse forbunda låg løysinga meir i proteksjon enn i ekspropriasjon.


Interessa for statsovertaking i Papirforbundet hadde fleire grunnar. Også da spørsmålet fekk ein kort renessanse like etter krigen, var Papir blant dei forbunda som både vedtok kravet og

laga ei forholdsvis grundig utgreiing om korleis det skulle gjerast. For mange var det difor ein idé som hadde tradisjon i forbundet. Og den vart gjerne knytta til den populære forbundsformannen som stod i spissen for kravet på landsmøtet i 1951, Edvard Stenklev. Men etter at han gjekk av på same landsmøtet, rann kravet fort ut i sanden.

Eit anna forhold som låg til rette for krav om statsovertaking i papirindustrien, var at bransjen var avgrensa og oversiktlig. Det gjorde det lettare enn i mange andre bransjar å tenke seg korleis ein kunne bygge opp eit statlig selskap for heile branjen. Også den utgreiinga Stenklev fekk laga i 1951, bar preg av det. Ei viktig grunngiving da som i 1975 var forresten at branjen trøng statlig styring for å rydde opp i store problem, den gongen særlig i noen konsern. Men så kom dei gode konjunkturane på 1950-talet og gjorde det argumentet mindre aktuelt for ei tid. Dessutan møtte forbundet alt da lite interesse i Arbeidarpartiet.

Men hadde statsovertakingsvedtaket vore fåfengt i 1950-åra, med blant anna ei Arbeidarparti-regjering med reitt fleirtal bak seg i Stortinget, så var sjansane enda mindre for å få gjennomført det da Papirforbundet vedtok det igjen i 1975. No styrtar arbeidarrørsla i mindretal. Og både LO og Arbeidarpartiet hadde for lengst slått seg til ro med at statsovertaking

*Maskinförar Björnar Hanssen trykker på knappen, og Finpapirfabrikken på Saugbrugs stansar for godt i april 1981. 200 arbeidsplassar forsvinn.*



berre skulle brukast unntaksvis og i spesielle situasjonar. Sjølv om pådrivarane i Papir forbundet meinte problema i deira industri var spesielle nok, fekk forbundet aldri med seg resten av arbeidarrørsla på kravet. Da landsmøtet i 1975 gjorde vedtaket, stod forbundet likevel midt oppe i ei viktig industripolitisk sak der statsdriftspørsmålet vart aktualisert, nemlig Tofte-utbygginga.

### **Direktørane planlegg Tofte, og Papir forbundet blandar seg borti**

I 1974 la dei øvste toppane i norsk treforedling, direktørane i Follum, Union, Saugbrugsforeningen, Norske Skog og Skog-eigar forbundet, fram ein plan for korleis norsk celluloseindustri burde omstrukturera. Dei ville bygge ein ny stor og moderne fabrikk på Tofte i Hurum. Av grunnane kan nemnast at styresmaktene sine krav til å redusere forureiningane ville føre til investeringar som dei gamle fabrikkane ikkje makta. Samtidig ville ei samling av produksjonen i ein fabrikk gi den mest økonomiske utnyttinga av investeringane. For å skaffe nok tømmer og få bort det urasjonelle skulle sju gamle cellulosefabrikkar med godt over tusen arbeidsplassar leggast ned.

Med rette fekk planen namnet "direktørrapporten", for ingen andre fekk vere med på å utforme han. Men straks han vart kjend, inviterte leiinga i Papir forbundet direktørane til å kome på forbundskontoret og gjere greie for han. Og berre ein månad etter at rapporten kom, kalla forbundet inn ein tillitsmannskonferanse med folk frå alle foreiningane for å diskutere den. Skepsis kom fram både frå leiinga og andre, men konferansen vedtok ingenting. Heller ikkje vart det diskutert noe alternativ til sjølve den strukturen direktørane hadde foreslått. I forhold til det overordna ønsket om meir planmessig styring såg faktisk noen positivt på planen. Direktørrapporten var trass alt ein "plan", sa Ola G. Tromsdal. Han var hovudtillitsmann på Fiborgtangen på Skogn, bedrifta til Norske Skog, som var den sterkeste interessen bak Nye Tofte. Ronald Espedal frå Skien karakteriserte derimot rapporten som uttrykk for "profittbegjæret".<sup>8</sup>

I forbundsstyret foreslo Espedal å sette ned eit utval som skulle lage ei "motmelding" til direktørrapporten. Det vart forbundet sitt første "strukturutval". I åra som følgde, laga dette utvalet utgreiingar om strukturen i store delar av bransjen. Initiativet til strukturutvalet kom altså frå den same politiske grupperinga som hadde stått på for å gjenreise kravet om statsdrift.

Samtidig var sjølvsagt planen om Nye Tofte eit godt høve til

å prøve å få politikarane med på å skaffe staten i alle fall ein størst mulig eigardel i ein fabrikk som ville bli ein krumtapp i næringa i framtida. Det vart også det viktigaste “mot”-punktet i det som forbundet sitt strukturutval kom fram til. Staten måtte få aksjemajoritet. Bortsett frå det kravet støtta forbundet tanken om å bygge ein ny stor cellulosefabrikk på Tofte, og dermed å legge ned dei sju gamle. Elles stilte forbundet vilkår som gjekk ut på å avgrense skadeverknadene både for andre bedrifter i bransjen og for dei som ville bli oppsagde. Forbundslandsmøtet i 1975 stadfesta desse konklusjonane til strukturutvalet. Berre eit lite mindretal hadde innvendingar mot sjølve forslaget til ny fabrikk, dels ut frå ein prinsipiell antikapitalisme, og dels ut frå spesielle distriktsinteresser, fordi dei heller ville ha utbygging “hos seg”. Her låg fleire solidaritetsproblem, men forbundet skar igjennom. Strukturutvalet laga også eit par utgreiingar om alternative måtar å bygge ut celluloseindustrien på. Men oppslutninga om Nye Tofte stod fast.

Når det gjeld kravet om statlig eigardel, er det tydelig at gjennombrotet i forbundet i løpet av 1975 var viktig. Da direktørane la fram Tofte-planane sine på forbundskontoret hausten 1974, kom ingen frå forbundet med innvendingar mot at planen vart lagd fram som eit prosjekt heilt utan statlig deltaking og med full majoritetskontroll til storkonsernet Norske Skog.<sup>9</sup> Eit forbundsstyremøte i same periode gjekk inn for at staten skulle inn med 20 %. Berre eit mindretal gjekk inn for å få staten sterkare med. Statlig majoritetskontroll vart først eit eintydig krav i løpet av det året som kom, da strukturutvalet gjorde ferdig si utgreiing, og da forbundslandsmøtet reiste statsovertakingskravet.

Da Tofte-interessentane kom til regjeringa med saka, ringte industriminister Ingvald Ulveseth forbundsleiinga for å høre om dei kunne godta direktørane sitt forslag til eigarsamansetting. “Nei, da vil jeg komme i et dårlig lys,” svarte forbundsformann Olav Bratli, slik han fortel sjølv i ettertid.<sup>10</sup> I tillegg til Papir-forbundet hadde Arbeidarparti-regjeringa ei venstreside i Stortinget å ta omsyn til. Å sleppe skogeigarkonsernet enda nærmare dominans over norsk papirindustri var kontroversielt.

Klokka sju kvelden før regjeringa skulle ta stilling til eigarsamansettinga i Tofte, ringte Bjartmar Gjerde, som da hadde teke over som industriminister, til direktør Ivar Aavatsmark i Skogeigarforbundet og bad om møte. 50 % kunne Gjerde gå med på å gi skogeigarselskapet, ikkje meir. Aavatsmark jenka seg ned til 51 %. Han fortel sjølv at Gjerde da begynte å samle saman papira sine og trua med at da blir det ikkje noe av Tofte.

Resultatet vart at Aavatsmark ringte rundt til leiarane i Norske Skog og i Skogeigarforbundet og fekk dei til å godta 50 %. Styret i Papirforbundet hadde da jenka kravet sitt til å gå ut på at staten måtte ha majoritet saman med Union og Saugbrugsforeningen. Meininga med det var å unngå i alle fall einsidig dominans av Norske Skog saman med Follum, som Norske Skog eit par år tidligare hadde skaffa seg kontrollen over. Dette tyder forresten på at kampen mellom Gjerde og Aavatsmark om 50 eller 51 % dreidde seg like mye om politisk symbolmarkering som om reell makt over den nye fabrikken, for i praksis ville Norske Skog få kontrollen lell. Det står att meir gransking før ein kan gi eit uttømmande svar på kva striden om eigarprosentar eigentlig hadde å seie.

Papirforbundet måtte strekke seg enda lengre til slutt. Plutselig kom den gamle cellulosefabrikken på Tofte opp i alvorlige økonomiske vanskar. Berre ei framskunding av Nye Tofte ville berge kommunen frå alvorlig arbeidsløyse. På eit forbundsstyremøte kom Bjartmar Gjerde og sette styret kniven på strupen: Godtek ikkje forbundet avtalen mellom regjeringa og Tofte-interessentane, som no gav staten 26 %, Norske Skog 50 % og Follum, Saugbrugs og Union 8 % kvar, vart det ikkje noe Tofte. Med 14 mot 7 stemmer gjekk forbundsstyret med på det.

For forbundsleiinga gav det ei viss kjensle av å ha sete med nøkkelen til det siste i den største og mest gjennomgripande industripolitiske saka bransjen hadde opplevd. Den kjensla vog kanskje opp noe for det faktum at forbundet hadde vorte pressa til å oppgi det meste av synet frå landsmøtet i 1975.


### **Forbundet utgreier det eine strukturspørsmålet etter det andre**

Norske Skog bygde på slutten av 1970-talet også ei tredje papirmaskin på Skogn. Papirforbundet gjekk først mot planen om det fordi det var ein føresetnad at Nye Tofte skulle tilførast ein del tømmer frå Trøndelag. Men da det vart meir tømmer ledig sør for Dovre lell, fordi fleire gamle fabrikkar forsvann enn venta, godtok forbundet planen. I Trøndelag oppstod ein debatt om ein ikkje heller burde bygge ein ny papirfabrikk ein annan stad i Trøndelag, ut frå eit desentraliseringsomsyn. Men det synet fekk støtte berre hos eit lite mindretal. I staden laga Papirforbundet enda ei utgreiing om kvifor det godtok det leiinga i Norske Skog alt hadde planlagt.

Etter det laga strukturutvalet ei utgreiing om framtida til tresliperia. Som sagt hadde mange av dei forsvunne etter 1970. Men fleire hadde vanskar. Strukturutvalet kom fram til at dei tre sliperia som var att i Trøndelag, burde halde fram, medan

## Papirarbeideren

*Teiknaren Herbs syn på stoda for papirarbeidarane. (Papirarbeideren nr 8/9 1980)*



kapasiteten på Sør- og Østlandet burde halverast, ut frå ei vurdering av kva for produksjon det var bruk for og råstoff til. Den målsettinga vart snart oppfylt, utan at nedleggingane av den grunn skjedde etter noen plan. Forbundet foreslo at styresmaktene burde lage ein samla plan for tresliperia, men det vart aldri gjort. Heller ikkje vart det noe av eit forslag frå forbundet om å bruke det tømmeret som vart ledig, som grunnlag for å bygge ein ny fabrikk for produksjon av trehalldig papir.

Strukturutvalet tok også opp problema for dei cellulosefabrikkane som var att etter bygginga av Tofte. I siste del av 1970-talet fall prisane på cellulose. Det førte til at enda fleire cellulosefabrikkar bukka under enn dei som i Tofte-planen hadde stått på lista over fabrikkar som måtte bort. Strukturutvalet sette seg føre å gjere seg opp ei meining også om framtida for dei gamle cellulosefabrikkane, men kom ikkje fram til stort anna enn at den delen av bransjen burde utviklast vidare etter same mønster som til da.

Frå 1975 til 1979 laga Papirforbundet altså utgreningar om den eine delen av bransjen etter den andre. Til samanlikning kan nemnast at for Bekledningsarbeiderforbundet hadde struktur-

utval og utgreiingar vore ein del av arbeidet med tekoindustrien sine problem heilt sidan slutten av 1960-talet. Men her var det meir snakk om dels offentlige utval der representantar frå forbundet sat saman med folk frå eigarsida. Desse utvala laga forslag til regjeringa om tiltak. Dei førte til at det både vart laga eigne bransjeprogram for dei ulike delane av tekoindustrien, og til at det vart sett i gang konkrete støttetiltak. Også formannen i Papirforbundet hadde på 1960-talet vore med i eit offentlig utval som vurderte Simons-rapporten om Drammens- og Skienvassdragene. Men utover det hadde det vore lite institusjonalisert samarbeid om problema i papirindustrien. I staden satsa forbundet som sagt på å lage sine eigne utgreiingar.

Da krisa herja på det verste i verkstadindustrien, var også Jern og Metall med i eit offentlig utval som skulle vurdere problema. Det la i 1976 fram forslag til krisetiltak. Sidan ein del av konklusjonen her gjekk ut på at ei nedbygging måtte til, var også dette på ein måte eit "strukturutval". To år seinare sette Jern og Metall ned eit eige industripolitisk utval. Og fleire sekretærar i administrasjonen til forbundet vart sett til å arbeide med industriproblema på heiltid. Det mangla ikkje innsats på feltet frå noen av forbunda, men dei gjorde det altså på litt forskjellige måtar.

Papirforbundet sine ambisjonar om å få vere med og bestemme i samband med Tofte skil seg klårt frå den sidelinjepllassen forbundet inntok da den nye fabrikken på Skogn vart planlagd på 1960-talet. Ein grunn til auken i engasjementet frå 1975 var at det no var sagt klårt at den nye fabrikken på Tofte ville innebere slutten for sju namngitte gamle fabrikkar. Det ville komme oppå den bølgja av nedleggingar i første halvdel av 1970-talet som hadde gjort struktur til noe forbundet begynte å bry seg meir om.

Samtidig må omslaget til eit meir aktivt strukturengasjement akkurat i 1975 sjåast i samanheng med landsmøtet det året. For det første tok Rolf Hauge da over som formann i forbundet. Han hadde som sekretær og nestformann i mange år vore den som vart send ut dit det var kriser og nedleggingssituasjonar. Og gjennom blant anna mangeårig ansvar for kurs- og opplysningsverksemd hadde han opparbeidd seg eit godt overblikk over bedriftene og bransjen. Han las også mye teknisk og økonomisk litteratur om papirindustrien. Dessutan var han som person utstyrt med ein pågåande og ikkje sjeldan eigenrådig stil som gjorde at han neppe kvidde seg for å heve røysta jambyrdig med direktørane i samtalar om korleis bedriftene burde utviklast.

Vidare var strukturengasjementet ei frukt, om meir indirekte, av den aukande ideologiske debatten som hadde munna ut i vedtaket om statsovertaking. Da det kravet fenga ny interesse


omkring 1970, var det som sagt mye på grunn av at krisene i bransjen gav nye argument for det. Når det no vart proklamert som krav, veit vi at det aldri kom nær gjennomføring. Men dess meir kan det ha verka til å auke strukturengasjementet. Her var to spørsmål som gjensidig aktualiserte kvarandre. Eit fagforbund som einstemmig og i alvor ytra ønske om at staten skulle ta over heile den industribransjen forbundet organiserte, måtte sjølvsgåt også skaffe seg grunngitte meininger om korleis bransjen burde utviklast. Så når dei mektigaste direktørane spelte ut sin plan, kunne ikkje forbundet stå og sjå på.

Når det gjeld den verkelige utviklinga av sjølve bedriftsstrukturen, er det likevel ikkje lett å sjå spor etter forslag frå forbundet. Utgreiingane gjekk forresten mye i same lei som "utviklinga". Alt etter korleis ein ser det, vil noen seie at det viser at forbundet fekk rett, andre vil sjå det som teikn på at forbundet retta seg etter marknads- og kapitalkreftene. Mot det siste taler sjølvsgåt det einstemmige kravet om statsovertaking. Men heller ikkje det kravet innebar i seg sjølv at forbundet ønska seg noen radikalt annleis bedriftsstruktur enn den dei sterkeste leiarane i bransjen også såg som rasjonell.

Etter at Tofte-utbygginga var avgjord, forsvann statsdriftkravet ut i det blå. Ein samarbeidskomité mellom Papirforbundet og Arbeidarpartiet vart sett ned for å vurdere ei programformulering om statsovertaking til partilandsmøtet i 1977. Men partilandsmøtet sette berre ned ein ny komité. Papirforbundet sitt landsmøte i 1979 gjentok kravet, men DNA-landsmøtet i 1981 konkluderte med at det ville vere for "drastisk" å ta over ein heil bransje. Partiet foreslo i staden å opprette eit statlig selskap som kunne kjøpe seg inn i delar av bransjen som trong styring. Same året gjorde stortingsvalet og skiftet til Høgre-regjering statsdrift enda meir illusorisk - for dei som enno trudde på tanken. På det neste landsmøtet i Papirforbundet i 1983 sa partileiar Gro Harlem Brundtland klårt frå at statsovertaking, eller som ho sa det, "et helt annet samfunnssystem", ikkje var noen aktuell tanke. Partiet kunne strekke seg til å diskutere "blandingsforholdet i blandingsøkonomien".<sup>11</sup> Men i praksis vart den offentlige delen som fanst i "eigarblandinga", berre enda tynnare, blant anna ved at staten sin del i Tofte vart sletta etter konkursen i 1982. På 1980-talet kom i staden storfinansielle interesser utan røter i bransjen sterkare inn som eigrar. Det er nok å nemne Kosmos og spelet om Saugbrugsforeningen, men det er flere eksempel.

### **Forbundet møter den eine krisa etter den andre**

På same tid kom det framleis nedleggingar enkeltvis og ofte



*Dei som hadde stått på for å redde Ranheim, hadde god grunn til å kjenne seg nøgd etterpå. Her løfter Rolf Hauge, Tormod Larsen og Ragnar Steinstad neven for å markere signeren.*

uventa. Forbundet sin daglige politikk vart i praksis framleis å dempe skadane og berge arbeidsplassar i kvar enkelt akutte situasjon. På det planet viste forbundet til gjengjeld stor iver.

På slutten av 1970-talet kom eit av dei store selskapa i bransjen, Saugbrugsforeningen i Halden, plutselig opp i store problem. Forbundsformann Rolf Hauge, som sjølv hadde trødd sine arbeidssko der, ordna straks med eit møte mellom folk frå bedrifta og regjeringa. Resultatet var ei nødhjelpsfinansiering til å komme over krisa. Men i tida som følgde, la selskapet ned store delar av produksjonen, og pådrog seg eit voldsomt lokalt opprør mot leiinga.

I fleire store omstruktureringssaker utover 1980-talet spelte Papirforbundet ei svært aktiv rolle. Da Mesna Kartong på Lillehammer kom i krise rett før 1980, var forbundet med på å lage ei utgreiing som etter sakkyndige råd gjekk inn for vidare drift. Men det lykkast ikkje å finne interessert kapital nok. Med rayonullfabrikken på Borregaard gjekk det likeins i 1982. Eks-pertutgreiingar gav gode utsikter, fagrørsla viste voldsomt engasjement, og dei tilsette stod på og auka produktiviteten. Men det lykkast ikkje å få verken Borregaardleiinga eller politikarane til å satse pengar nok til å komme over den kneika ein stod oppe i. Skotfos ved Skien lykkast det å redde for noen år, mot opphavelige planar hos eigarkonsernet Union. Dei tilsette tok eit skippertak med både auke av produksjonen og slanking av bemanninga. Heile fagrørsla i Grenlandsområdet engasjerte seg. Og forbundet hjelpte til med å overtyde regjeringa om å gå inn for ein plan for vidare drift. Fem år seinare vart Skotfos likevel lagd ned. På Ranheim i Sør-Trøndelag hugsar folk lenge innsatsen til Rolf Hauge og forbundet i 1983. Bedrifta skifta eigar frå Norske Skog til Peterson-selskapet i Moss,

og meinings var å legge ned store delar av papirproduksjonen. Men Peterson-leiinga lét seg til slutt overtyde om å drive vidare. Særlig ei av dei maskinene som vart berga, kom snart til å gi store overskot.

Dette er berre noen kjende eksempel på kritiske situasjonar der forbundet engasjerte seg. Men hadde forbundet oppnådd meir samfunnsmessig styring av strukturutviklinga?

Forbundsleiinga i Papir hadde vanskelig for å snakke om noen suksess da ho til landsmøtet i 1983 skulle summere opp erfaringane med strukturpolitikken. Nedleggingane hadde komme i eit anna tempo enn det ein hadde rekna med. Forbundet hadde også hatt fleire forslag til investeringar og utbyggingar som ikkje hadde vorte hørte. Men sjølv om strukturpolitikken i praksis hadde vorte mindre forebygging, sikring og styring etter overordna planar enn brannslokking og livredning, hadde i alle fall det siste gitt konkrete resultat i fleire situasjonar.

### **Papir, Jern og Metall og Bekledning gjer kvar sine erfaringar**

Dei spreidde sideblikka vi har kasta på den måten også Bekledning og Jern og Metall møtte industriproblema på, viser at strategiane og erfaringane har vore forskjellige i ulike bransjar. Det kan trulig forklaraast både ut frå ulike faglige tradisjonar og særtrekk ved dei ulike bransjane.

I alle forbunda førte krisesituasjonar til spontane reaksjonar for å forsvare lokalsamfunn og arbeidsplassar. I Jern og Metall var likevel dei lokale forsvars Kampane i større grad enn i Papir med på å danne grunnlag for aukande opposisjon mot forbundsleiinga, blant anna når ho avslo å støtte streikar i samband med kriser og nedskjeringar. Her vart mye tradisjonell jernarbeidar-radikalisme virvla opp. Samtidig hadde Jern og Metall ei tid også formannen sin, Lars Skytøen, i sjefsstolen i Industridepartementet, altså med ansvar for staten sine tiltak mot problema. Det kan for mange ha gitt ekstra håp om støtte, og tilsvarande harme viss ein ikkje fekk det. Jern og Metall sin industripolitikk hamna i eit spenningsfelt mellom tradisjonell lokal aksjonslyst og politisk lojalitet.

Bekledning var på si side kvinne- og låglønnsforbundet der det aldri hadde vore vanlig verken med militante aksjonar lokalt eller politiske krav som kunne tolkast som samfunnsomveltande. Dessutan var tekoindustrien ein brokut bransje å foreslå at staten skulle ta over. I staden utvikla Bekledningsforbundet som sagt tidlig eit nært samarbeid med foreiningar på eigarsida for å skaffe bedriftene betre økonomiske vilkår. Den samarbeidslinja vart her aldri alvorlig trua av noen opposisjon.

Papirforbundet si erfaring skilde seg frå både den Jern og Metall og Bekledning hadde. Også i Papirforbundet fanst det rett nok nedleggingssituasjonar der medlemmene vart sterkt skuffa over forbundsleiinga. Det kan folk som var med på nedlegginga av for eksempel Mesna på Lillehammer, stadfeste. Men misnøyen førte aldri til noen opposisjon av same slag som i Jern og Metall. Kanskje er ein grunn at papirarbeidarane var mindre vane med å opptre militant lokalt. Og kanskje var avstanden mellom topp og botn i forbundet deira rett og slett mindre. I fleire situasjonar gjekk leiinga i Papirforbundet aktivt med i bergingsaksjonar som vart sette i gang når arbeidsplassar kom i krise.

Sjølv om Papirforbundet i sine utgreningar kom til konklusjonar som i stor grad fall saman med det direktørane såg som rasjonell industriutvikling, førte det ikkje til eit like tett samarbeid med eigarsida i felles komitear og utval som for Bekledning. Ein grunn til det kan ha vore at Papirforbundet ikkje i same grad møtte bransjeforeiningar på eigarsida som engasjerte seg i industri- og handelspolitikken. Det også talte for heller å utgreie spørsmåla åleine.

Noe som trulig verka inn på Papirforbundet sine strategiar på fleire plan, var at papirindustrien var forholdsvis oversiktlig, avgrensa og bestod av få bedrifter. Det gjorde som sagt tanken om statsdrift enklare å tenke seg. Og det ville seie at forbundet hadde få fagforeiningar å forholde seg til. Faren var difor liten for å miste kontrollen med lokalplanet. Det var overkommelig for leiinga både å vere med på det som skjedde, og å følgje med i det som rørte seg av haldningar blant "gutta ute".

Måten dei ulike forbunda møtte industriproblema på, hadde også andre dimensjonar, som eg må la ligge. Fleire av dei siste hypotesane eg her har lufta om forskjellane mellom ulike forbund i strategiar og erfaringar, er svært laust funderte. Men la dette vere noen utfordringar å arbeide vidare med.

**Fagrørsla omstrukturerer seg til industrielt forsvarsverk?**  
Fagrørsla sitt engasjement i strukturproblema er ikkje viktig å analysere berre ut frå forskjellige strategiar, og ut frå kor mye dei lykkast i å påverke industriutviklinga. Møtet med industriproblema kan også ha verka til å endre fagrørsla sjølv.

Kjernen i den gamle tillitsmannsrolla går ut på å skaffe medlemmene best mulig tariffavtalar, og når dei er vedtekne, å sørge for at dei blir haldne av alle partar. Viss det siste kan karakteriserast som ei slags indre freds- og ordensoppgåve, kan møtet med strukturproblem og kriser på mange måtar samanliknast med å vera utefrontsoldat. Når bedrifter trøng rednings-

kapital frå offentlige styresmakter, var ofte tillitsmennene uunngåelige, særleg når det sat partifellar av dei i regjeringskontora og passa pengesekken.

Opplevinga av å måtte bruke stadig meir av energien på ein slik utefrontkamp for å berge arbeidsplassar, delte Papirforbundet med dei andre forbunda eg har vore innom. Ein hypotese eg til slutt vil nemne i den samanhanga, er at det truleg var ein avgjeraende grunn til at det nye Fellesforbundet vart dannet i 1988. Dei som gjekk saman, Bekledning, Bygning, Jern og Metall, Papir og Skog og Land, var så forskjellige som det gjekk an når det gjaldt tradisjonelle fagforeiningsspørsmål om lønn og arbeidsvilkår. Men dei var alle ute etter å slå ring om sysselsettinga i bransjane sine. Forbundssamlinga i 1988 handla sjølv sagt om meir enn det, men neppe noe anna var det viktigare for dei å samle kretene sine om enn den næringspolitiske forsvars-kampen.

### Noter

1. Artikkelen er ei vidare bearbeiding av stoff frå eit kapittel om strukturforholda i papirindustrien i boka *Papirarbeidernes historie. Norsk Papirindustriarbeiderforbund 1913-1988*, Oslo 1989. Meir detaljerte skildringar, særleg av nedleggingar og kriser ved kvar enkelt bedrift finst der. I tillegg har eg fått høve til å trekke inn i drøftinga også det to andre nye forbundshistorier inneheld om det same temaet: John L. Kamsvåg, *Med nål og tråd gjennom 100 år. Bekledningsarbeiderforbundet 1890-1990*, Oslo 1990. Forfattaren har latt meg lese trykkeferdig korrekturutskrift av kapitla "Industripolitikk og støttetiltak" og "Handelspolitikk". Boka har komme ut når denne artikkelen blir trykt. Tidlig i 1991 vil Terje Halvorsen sitt bind to om Jern og Metall si historie etter 1940 komme ut. Han har latt meg dra nytte av eit førebels utkast til kapittelet "Nedgang og nyorganisering 1975-1991". Der eg ikkje viser til anna i fotnote, bygger eg på desse bøkene når eg omtalar dei ulike forbunda. Men dei samanliknanda drøftingane av dei tre forbunda står eg sjølv ansvarlig for. For grundigare gjennomgang av dei konkrete strukturspørsmåla og nøyaktige referansar til både kjelder og annan litteratur vil eg vise til dei enkelte forbundshistoriene.
2. Norsk Papirindustriarbeiderforbund vil her bli kalla Papirforbundet eller bare Papir, slik det til daglig har heitt blant dei som har vore med.
3. På ein tillitsmannskonferanse om tariffoppgjeret i 1964  
(finst på lydband i forbundet)
4. Kaldal, 1989, s. 336
5. Terje Halvorsen, s. 4 i førebels manus til kapittelet "Nedgang og nyorganisering 1975-1991" i forbundshistoria til Jern og Metall.
6. Protokoll frå landsmøtet i Papirforbundet 1971, s. 193
7. Kamsvåg, trykkeferdig manus s. 265  
(sidetalet skal visst stemme med boka)
8. Tillitsmannskonferanse om strukturspørsmåla 25.10. 1975  
(finst på lydband i forbundet)
9. Ifølgje intervju med Ivar Aavatsmark 19.11. 1987. Han var med på forbundskontoret. Han seier at viss det hadde vore oppe, ville han ha reagert såpass at han hadde hugsa det.
10. Intervju med Olav Bratlie, 30.9. 1986
11. Protokoll frå landsmøtet i Papirforbundet 1983, s. 228